



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	15. november 2022 kl. 0900 - 1200
Møtestad:	Voss tinghus
Møteleiar:	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
Til stades:	Kjersti Nordanger (Voss herad), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Eldrid Nerland (fastlege), Ernst Olsen (vara brukarrepresentant kommune), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Eirik Elsås (vara Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Line Lie (Fagforbundet), Solrun Hauglum (Vaksdal kommune), , Åshild Sønsteby (Ulvik herad), Åslaug Bøhn Botnen (Kvam herad), Reidun Braut Kjosås (SSe kommunerepresentant) Trude Hjortland (SSe foretaksrepresentant)
Fråfall:	Ansgar Berg (Helse Bergen), Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune)
Referent:	Reidun Braut Kjosås og Trude Hjortland

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
06/22	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Godkjent utan merknader	V
07/22	<b>Godkjenning av referat frå 16.sep 2022</b>  <b>Vedtak</b> Godkjent med følgjande merknad; <ul style="list-style-type: none"><li>Fleire av representantane deltok på felles oppstatsmøte 16.sep. Alle områdeutval hadde konstitueringsmøte på same tid. Dette bør koma fram i referatet. Oppdatert referat ligge ved.</li></ul>	V
08/22	<b>Orientering frå møtet i SSU 24.okt</b> SSE orienterer om saka.  Det ble stilt spørsmål om korleis sikra vararepresentasjon for kommuneoverlegen i SSU? Signala frå SSU er at vara vert utpeika blant ein av dei kommuneoverlegane som sit i eit områdeutval. Eystein tek kontakt med kommuneoverlegane og kjem tilbake til SSU med eit forslag.  Det er eit ønskje at det og vert peika ut vara for alle representantane i OUA. Dette er ikkje avtalefesta slik det er for SSU (sjå også sak 10/22).	O

09/22	<p><b>Oppgåver og forventningar til OU Voss</b></p> <p>Oppsummert frå diskusjonen i utvalet</p> <p><b>Visjon og mål</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Områdetvalet bør vera ein møteplass for ulike deler av helsetenesta sine ansvarsområde. Kvar representant er ansvarleg for å ta informasjonen ut i eigne organisasjonar.</li> <li>• Når økonomien blir stram må me vera tydelege på å beskriva konsekvensar, og me bør unngå å peika på kvarandre og fordela skyld. Å dela informasjon vert viktig.</li> <li>• Det kom opp ein ide om å laga noko skriftleg på kva OU Voss er. Tilbake i tid var det ein tekst om kva samarbeidsrådet var.</li> <li>• Det er krevjande å gje god informasjon. Ofte er det ikkje berre behov for å gje informasjon men å skapa medverknad. Dette er utfordrande. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ kan saman.no nyttast meir dynamisk? presentera prosjekter i strukturen mv</li> </ul> </li> <li>• Underutval <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det er stort engasjement i dei ulike underutvala i OU Voss (sjå og sak 12/22). I underutvala er det ofte saker som er interessant for partane å vite meir om. Det føregår mykje godt arbeid i underutvala. I underutvala er sakene meir konkrete og det gjer ofte meining ut i organisasjonane.</li> <li>○ OU Bergensregionen er interessert i å læra av OU-Voss når det gjeld dei gode tradisjonane me har for underutvala.</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Kva er nytt?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Større lokalt handlingsrom <ul style="list-style-type: none"> <li>○ til dømes mogleg å laga eigen handlingsplan.</li> </ul> </li> <li>• Er det ein tung struktur med for mykje administrasjon? <ul style="list-style-type: none"> <li>○ viktig å halda på føremålet slik at me ikkje vert for byråkratiske. Viktig at strukturen vert opplevd som relevant, truverdig og tillitsskapande.</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Kva er viktige arbeidsoppgåver no og framover</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lande på ein arbeidsform som er operativ og som supplerer det strategiske nivået</li> </ul>	D
10/22	<p><b>Retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet</b></p> <p>Saka vart drøfta saman med sak 09/22 SSE presenterer hovudpunktta i retningslina.</p> <p>Det vart stilt spørsmål om korleis brukarrepresentantar, fastlege og kommuneoverlege kan sikra forankring i sine organisasjonar. Kommuneoverlege vart oppmoda om å ta kontakt med kommuneoverlegerrepr. i OU Bergensregionen (Inger Uglenes) då dette og var eit diskusjonspunkt i OU møtet deira dagen før.</p> <p>Brukarrepresentantane i Helse Bergen er i startfasen med å initiere ein støttestruktur for å sikra forankring internt i eige organ (Brukarutval og Ungdomsråd). Dette kan kanskje bli ein modell også for andre brukarrepresentantar?</p> <p>Det vert og peika på tidsfaktoren. Det er viktig å få ut sakslista tidleg slik representantane får moglegheit til forankring og/eller dialog i sine respektive miljø.</p>	D/O

	Med ny struktur vil det koma nokre fleire felles kostandar enn i tidlegare samhandlingsstruktur. Det er viktig å unngå for mykje byråkrati og det er behov for tydeleg ramme med økonomisk ansvarsfordeling.	
11/22	<p><b>Namn på helsefellesskapet</b></p> <p>Spørsmål til dialog</p> <p>Kva faktorar bør vektleggast med omsyn til å fastsetja namn på helsefellesskapet?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Namnet bør innehalda «Helsefellesskap»</li> <li>○ Namnet bør og syna geografisk tilhøyrsla</li> </ul> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehus foreslår «Helsefellesskapet i Vest»</p>	D
12/22	<p><b>Referat frå møte i underutvala</b></p> <p>Merknader til referata:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn og unge (møte 08.09.2022) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ingen merknader</li> </ul> </li> <li>• UFAB (møte 07.06.22 og 06.09.22) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Spørsmål knytt til «Legevaktbil». Helse Bergen opplyser om at dette prosjektet er ein del av budsjettprosessen 2023 og vert truleg ikkje vidareført. Tilbakemeldinga frå legekorpsset er at det fungerer bra og at det er ein alternativ måte å organisera tenesta på i forbindelse med at ein «døgnbil» forsvann. Voss herad vil sjå nærmare på denne saka.</li> </ul> </li> <li>• Rehabilitering (møte 12.09.2022) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ omtalen av Hagahaugen er ikkje heilt rett, det skal ikkje initierast ein anbodsprosess her, referatet viser meir vyar og visjonar.</li> </ul> </li> <li>• Pleie og omsorg (møte 13.09.22) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ingen merknader</li> </ul> </li> <li>• Rus og psykisk helse (møte 19.05.2022 og 15.09.2022) <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Referat frå 19.05.22 viser til at Sandviken sjukehus ikkje nyttar PLO-meldingar. Dette må undersøkjast nærmare, men stemmer truleg ikkje. Etter å ha sjekka kan Voss herad melda at PLO meldingar vert brukt.</li> <li>○ Prosjektet «Jobbspesialistane» (3-årig prosjekt) skal nå avsluttast og skal implementerast. Det er viktig å sikra vidare drift av jobbspesialistane, då denne metodikken har vist god evidens. I Kvam er det i budsjettet forslaget ikkje funnet midlar til vidare drift (budsjettet skal handsamast 8.des).</li> </ul> </li> </ul>	O
13/22	<p><b>Underutvalsstrukturen i Voss lokalsjukehusområde</b></p> <p>SSE orienterte kort om status i dei ulike utvala (sjå vedlegg)</p> <p>Underutvala skal i desse tider planlegge møta for neste år. Områdeutvalet ber underutvala laga møteplan for neste år slik som tidlegare år (ca. 4 møter kvart år). Vidare ønskjer OU Voss å evaluera strukturen i løpet av våren 2023. Tidlegare år har leiarane for underutvala delteke på fyste årelege møte i områdeutvalet og presentert kort status for arbeidet i underutvala. Leiar og nestleiar i samarbeid med SSE jobbar vidare med dette.</p> <p>Det kom innspel om at ein i vidare arbeid tenker gjennom underutvalsstrukturen med omsyn til tematikk og dei fire prioriterte målgruppene.</p>	O/D

	Det vart føreslått å gje underutvala i oppdrag å gjera ei vurdering om korleis dei opplever si roller i den nye helsefellesskapsstrukturen? Kva tema og prioriterte grupper fell inn under deira utval? Kva tenkar dei om representasjon (fastlege, brukar mv)?	
14/22	<p><b>Søknad om støtte (legevaktseminar)</b></p> <p><b>Vedtak</b> OU-Voss løyver kr 50 000 til Legevaktseminar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt. Kurset skal gjennomførast 2. – 3. desember 2022.</p>	V
15/22	<p><b>Orientering om konseptrapport Nye Voss sjukehus 2035 og utviklingsprosjekt Voss herad</b></p> <p><b>Nye Voss sjukehus 20235</b> Olav Lødemel, Voss sjukehus orienterte om saken (sjå vedlagt presentasjon).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er forventa ein auke på ca. 40% i operasjonskapasiteten.</li> <li>• Akuttberedskap. Det er ikkje venta noko auke pasientvolum, meir ei tilpassing til moderne sjukehusdrift.</li> <li>• Voss sjukehus har om lag 5 500 døgnopphald kvart år.</li> <li>• Rekruttering. Nybygg og utviklingsprosjekt er i seg sjølve godt for rekrutteringa.</li> <li>• Vedtatt ny organisasjonsplan for sjukehuset med bred involvering og standard metodikk for OU-prosjekter.</li> <li>• Konsekvensar for Nye Voss sjukehus. Helse Vest har vurdert investeringssituasjonen i Helse Vest. Kort oppsummert betyr det at investeringar skal reduserast og eller skyvast i tid. Mange investeringsprosjekt i Helse Bergen er utsett, Voss sjukehus er blant desse. Det inneber oppstart i 2028 i staden for 2023. Vedtak i føretaksleiinga i oktober; konseptrapporten skal jobbast noko meir med, mellom anna knytt til dei økonomiske rammene.</li> </ul> <p><b>Interkommunal legevakt og Nye Voss sjukeheim</b> Kjersti Nordanger Voss herad orienterte om saka. Norconsult har kome med ei tilråding vedrørande plassering av legevaktfunksjon i Voss sjukeheim. Sak til politisk behandling i Voss herad no der rådmannen vert beden om å jobba vidare med utgreiing av Nye Voss sjukeheim. Godt samarbeid mellom sjukehus og kommune i denne saka.</p> <p>Den nye løysinga gjev samlokalisering av akutt-tenestene. Inn i arbeidet tek ein og med dei gode erfaringane frå felles legevaktbil; der nettopp læringsutbytte er det som vert trekt fram.</p>	O
16/22	<p><b>Løypemelding frå arbeidet med «Pakkeforløp kreft heim»</b> Kirsti Buset, kreftkoordinator i Voss herad orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brukarrepresentant i møtet bekreftar at det er overgangar og oppfølging i kommunane som vert opplevd som mest sårbart og viser til rapporten; <a href="#">Resultat frå spørjeundersøking i Kreftforeininga sitt brukarpanel 2022</a>. Erfaringane kan og ha overføringsverdi til andre diagnosegrupper.</li> <li>- Konsekvensar knytt til økonomi bør bli inkludert i pakkeforløpsoppgåvene, til dømes kopling opp mot NAV.</li> <li>- Det var spørsmål om kva tenester som skal koplast på i kommunane og om det eventuelt er opp til kvar enkelt kommune?</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Eit premiss i forløpet er at sjukehuset skal ha eit kontaktpunkt i kvar kommune, og det er opp til kommunane å definere kva punkt dette skal vera. Sett god praksis i system, meir enn å revolusjonere og laga eit helt nytt system.</li> <li>- Det er førebels ikkje sendt ut beskjed til kommunane at dei må mælda tilbake til sjukehusa (kontaktpunkt).</li> </ul> <p>OU Voss takkar for god orientering og ønskjer lykke til med vidare arbeid i prosjektet.</p>	
17/22	<p><b>Felles handlingsplan 2022 og 2023</b> SSE orientere om status for tiltaka i felles handlingsplan for 2022 og arbeidsprosessen fram mot ny felles handlingsplan for 2023</p> <p><b>Forslag til vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2022 til orientering.</li> <li>• Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ingen konkrete innspel til handlingsplanen for 2023, men ønskjer at dei fire prioriterte målgruppene vert synleggjort.</li> </ul>	O/D
18/22	<p><b>Felles e-læringsprogram for å spreia bevisstheit, kunnskap og kompetanse</b> SSe orientere om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p><b>Vedtak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• OU Voss takkar arbeidsgruppa for at fyrste del av pkt. 2.4 i handlingsplanen er fullført og støtter at e-læringsprogrammet vert tatt i bruk.</li> <li>• Partane i områdeutvalet tek ansvar for å implementera e-læringsprogrammet i sine organisasjonar (kommunar og sjukehus).</li> </ul>	V
19/22	<p><b>Psykisk helsevern for framtida</b> Eirik Elsås frå divisjon psykisk helsevern i Helse Bergen orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon som og vart settersendt til møtet)</p> <p>Grunnlagsdokument var godkjent i styret i sommar. Det vert no arbeidd med konseptrapport som skal handsamast i styret før overgang til forprosjektfase. Delprosjekt A og B er påbegynt.</p> <p>Store investeringskostnader i Helse Bergen saman med krevjande økonomi kommande år gjer det, usikkert om prosjektet vert skyvd på. Det er planlagt oppstart i KK i 2027. Større samhandling og meir kvalitet på fellesfunksjonar i akuttfasen er noko som vil bidra til ei forskyving av kapasitet. Ikkje sikkert det betyr auka tal sengeplassar, men meir kapasitet.</p> <p><b>Vedtak</b> OU Voss takkar for grundig rapport og supplerande presentasjon, og melder inn representant til referansegruppa innan utgangen av året.</p>	V
20/22	<p><b>Møteplan 2023</b> Det blir sendt ut møteinkallingar i Outlook. Saksliste med tilhøyrande saksgrunnlag vert sendt ut når møta nærmar seg.</p>	V

	<b>Vedtak</b> Møteplanen er vedtatt med følgjande endringar; <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tidspunktet for møta vert endra til 1000 - 1300</li> <li>- Lokasjon for møta vert bestemt fortløpande</li> </ul>	
21/22	<b>Orientering frå partane</b> Kvam herad <ul style="list-style-type: none"> <li>- Terje Langeland er tilsett ny kommunalsjef for helse og omsorg i Kvam. Terje tek til i stillinga 1.jan 2023. Terje og Åslaug vil overlappa i januar -23. Åslaug går av med pensjon i februar 2023.</li> <li>- Tove Pedersen er tilsett leiar for avdeling rus og psykisk helse.</li> <li>- Fastlege situasjonen i er framleis krevjande</li> <li>- Har og rekrutteringsutfordringar i pleie og omsorg</li> </ul> Voss herad <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er god prosess knytt til fastlegesituasjonen . Me er optimistiske og trur me finn gode løysingar.</li> <li>- Vanskeleg å få rekruttert til sjukeheimslege</li> <li>- Kommunen har investert 3 mill. (1 mill. kvart år i 3 år) i Kirkens bymisjon. Dette har vore ei god investering.</li> </ul>	O
	<b>Eventuelt</b>	